

Radøy kommune
v/ ordføreren

Bergen 28.2.2019

SØKNAD OM STØNAD TIL DRIFT 2019

Takk for driftsstønad på kr 5.000,- for 2018!

Kirkens SOS i Bjørgvin er eit døgnope, sjølvmoedsførebyggjande tilbod til alle innbyggjarane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Med 100 frivillige og 4,1 tilsette leverer vi tenester med høg fagleg kvalitet til låge kostnader. Vi har meir enn 70 samtalar kvart døgn, heile året. Sjølvmoedstankar er tema i nær halvparten av chatsamtalane og SOS-meldingane, og i 2.253 av samtalane på telefon i 2018.

Kirkens SOS står for halvparten av all krisetelefonti i Norge, og er også store på meldingar og chat via internett. Kirkens SOS i Bjørgvin er eitt av 11 lokale senter, og er sjølv ansvarleg for finansiering og drift.

- I 2018 svarte Kirkens SOS i Bjørgvin på 22.709 telefonsamtalar, 2.088 SOS-chat og 1.573 SOS-meldingar.
- Alle ungdoms-, vidaregåande- og folkehøgskular får tilsendt informasjonsmateriell til elevane. Vi underviser også skuleelevar om psykisk helse og den gode samtalen.

Kirkens SOS i Bjørgvin har ingen eigarar som syter for nødvendige driftsmidlar. Vi har ein krevjande økonomi, og er heilt avhengig av lokale bidrag frå kommunar, kyrkjelydar, bedrifter og andre. I 2018 gjekk vi med eit uventa overskot grunna lågare pensjonsutgifter, høgare momskompensasjon og større gåveinntekter enn vanleg. Overskotet skal brukast til ei kjærkomen styrking av eigenkapitalen.

Kirkens SOS i Bjørgvin har brukarar frå alle kommunane i Bjørgvin, og vi veit at tenesta reddar liv. Vi søker derfor kommunen om ein driftsstønad for 2019 på kr 1,- til 3,- pr innbyggjar.

Med helsing



Greta Gramstad
Dagleg leiar

Vedlegg: Årsmelding 2018, rekneskap 2018 og budsjett 2019